

SKOLEUTVIKLING OG DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN

Skrevet av: Ingvild Digranes, 1. amanuensis ved Høgskolen i Oslo, avd. EST

Det første ein kan sei om skuleutvikling, er at det er eit medvite forsøk på å utbetre ein eksisterande praksis i høve til oppsette mål. Dette prosjektet, festa i kunst og kultur, er eit tilbod til Osloskular om å tenke nyskaping rundt denne praksisendringa.



Skuleutvikling av ulikt omfang

Skuleutvikling er arbeid som kan gå føre seg på ulike nivå i skuleorganisasjonen. Oftare enn ein trur jobbar lærarar med

utviklingsarbeid i liten skala i eigen klasse. Dei prøver ut nye idear for prosjekt og undervisningmetodar. Dette arbeidet er ofte lite synleg utover det einskilde klasserommet, og kjem ikkje alltid til sin rett. Då er det lettare å kjenne att skuleutvikling som er sentralt initiert eller fungerer som kommunal satsing. Her er det ofte snakk om endring i rammevilkår og lovverk som i fylgje med økonomiske tilføringar dannar basis for endringsarbeid, t.d. nye læreplanar.

I skuleutviklingsprosjektet i regi av Utdanningsetaten i Oslo og Den kulturelle skolesekken, finn vi det ein kan kalle "skulebasert utviklingsarbeid" (Ogden 1990). Ein skule er ei naturleg utviklingseining. Han har fastlagde rutinar og rammer som eksisterar, og ein undervisingskultur som er lokal der alle har si rolle inn i kvardagen (Arfwedson 1985). Kvar skule har sine eigendefinerte behov, uløyste problem og prioriterte arbeidsområde som gjerne skil seg frå naboskulen. I skuleutviklingsprosjekt i Dks er det den einskilde skulen som definerer eit problemområde det skal jobbast med for å betre praksis.

Å jobbe langsiktig

Det eksisterar ulike mål å jobbe etter innanfor skulebasert utviklingsarbeid. Det viktigaste skiljet går mellom langsiktige og kortsiktige mål. Kortsiktige mål kan seiast å romme kunnskapsmål, prosess- og resultatmål innanfor fag og prosjekt. Desse er viktige i skulekvardagen for

at skulen skal oppfylle sitt mandat for opplæringa (KD og Udir 2006). Dei langsiktige måla finn ein i tilknytning til Generell del av læreplanen, og dei rommar etiske og sosiale problemstillingar gjennom haldnings- og åtferdsmål. Dei kortsiktige måla kan seiast, i tillegg til å vere viktige i seg sjølv, å vere delmål for å nå dei langsiktige måla ein jobbar mot i norsk skule.

I skulebasert utviklingsarbeidet er det nyttig å starte med ei statuskartlegging, som vil vere ulik for kvar skule. Det er teneleg med både *intern og ekstern* vurdering av ulike faktorar som styrker og manglar, for å kartlegge behov og uløyste problem og for å finne kva arbeid som bør prioriterast. Fastlagde "sanningar" skal utfordrast og nye impulsar kan hentast inn. Skuleutvikling i Dks gjev ein inngang til dette arbeidet gjennom kunst og kultur. Skulen vil, med hjelp frå eksterne fagfolk kunne definere særskilde utfordringar i dagleg praksis. Det er ofte snakk om generelle problem som påverkar storparten av lærarane sin praksis (Ogden 1990). I samarbeid finner ein fram til *eitt* prioritert langsiktig utviklingsmål, som dannar grunnlaget for meir kortsiktige samarbeidsmål innanfor ei tidsramme. Etter kvart som desse vert avslutta, reflekterer ein over kva ein har oppnådd, og kva ein vidare må gjere for å nærme seg hovudmålet ein har sett opp – skulen slik ein ynskjer han skal vere. Dette er ein dynamisk prosess, og ny statuskartlegging og innhenting av ny ekstern ekspertise er naudsynt undervegs.

Stabilitet og fornying

Nyskaping er ikkje alltid ein smertefri prosess. Stabilitet er også viktig i skulen som organisasjon. Rapportering, rammer og rutinar eksisterer av

ein grunn. I alle organisasjonar eksisterer ein ibuande treigskap når rutinar og strategiar skal endrast. Entusiastar opplever ofte dette som motstand og at kollegaer er uvillige til å delta. Dette er ikkje nødvendigvis det som skjer. I ein situasjon som rører eigen praksis, vil dei fleste lærarar spørje seg sjølv kva dette har å seie for dei i form av: auka arbeidstid, fullføring av pliktig rapportering og daglege oppgåver, nye arbeidsmetodar dei skal meistre, ny kunnskap dei skal tileigne seg etc. Før ein kan krevje fornying, må rammene frå leiinga vere klare og ligge til rette for at lærarane ved skulen kjenner tryggleik i den nye røyndomen dei skal ta del i.

I endring av eksisterande praksis er det fleire faktorar som vert sett i spel. Er det openheit rundt prosjekta og kjenner dei tilsette eit eigeforhold til det gjennom deltaking og diskusjonar? Er prosjekta toppforankra med tydeleg administrativ støtte og får lærarane tilgang på kunnskap og ferdigheitar dei kjenner at dei manglar for å gjennomføre utviklingsarbeidet? Eitt av dei viktigaste poenga er den prosjektansvarlege sin kompetanse. Gode idear kan ikkje selje seg sjølv. Dei må oversettast frå idé til ferdig plan. Det er i denne fasen dei eksterne kreftene i Dks skuleutvikling kan vere av stor nytte. Her er det mulig å leige inn fagkrefter til å vere med på å bryte ned vanskelege idéskisser til mulige skuleprosjekt som i eit langsiktig arbeid kan vere praksisendrande.

Kunst og kultur som drivkraft

I det skulebaserte utviklingsarbeidet med midler frå Dks er det kunst og kultur som er drivkraft. Sjølv om målformuleringane i prosjektet er basert på dei ulike skulane sine utfordringar og kodar, og den interne ekspertisen

ofte er det fyrste steget for å skape dei gode ideane, er det den vidare koplinga med ekstern ekspertise som er drivkrafta i prosjekta. Her er det ulike kulturar som skal møtast og ulike sanningar som skal utfordrast. Sjølv om det kan vere smertefullt å måtte ta eit oppgjær med eigen



praksis, kan eit samarbeid med fagpersonar utover skulegrensene ha stort potensiale. Respekt for og kombinasjonar av ulike fagkompetanse fører ofte til uventa resultat. **Ta sats og bli med!**



Litteratur

Arfwedson, Gerhard. (1985). *School codes and teachers' work. Three studies on teacher work contexts*. Malmö: Liber Förlag.

KD og Udir. (2006). *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Ogden, Terje. (1990). *Kvalitetsbevissthet i skolen: tilrettelegging av betingelser for effektiv læring og innovasjon*. Oslo: Universitetsforl.

Bildekreditering

Bilde s. 1: Fra kulturfestival på Kastellet skole 2010. Foto: Kastellet skole

Bilder s. 3: Elever er med på LinderudFestiDalen 2009. Foto: Linderud skole

Skoleutviklingsprosjekter i Den kulturelle skolesekken - Utdanningsetaten, Oslo kommune i samarbeid med Høgskolen i Oslo, avd. EST